

Olderdalen kulturbarnehage AS  
Sævarhagen 53,  
5416 Stord

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

**Kommentar til høyringsnotat om endring i lov av  
17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar.**

Rett til barnehageplass er eit godt lovforslag som Olderdalen kulturbarnehage AS støttar opp om. Me syns det er viktig at alle barn får same mulighet i kommunen dei bur i. Lovforslaget seier lite om korleis to inntak pr. år skal gjennomførast i barnehagane, og me ønsker at ordninga med eitt hovedinntak skal fortsetje. Dersom nokre barnehagar må/bør gå med ledig kapasitet, kven skal då dekke evt. inntektstap?

Olderdalen kulturbarnehage AS syns ikkje at alternativa til finansiering av private barnehagar er gode nok.

- Forskrifta om likeverdig behandling av bhg i høve offentlig tilskot vert foreslått oppheva når rammefinansieringa av sektoren inntreier, slik at denne finansieringa ikkje sikrar private barnehagar økonomisk likebehandling.  
Mange av dei ikkje-kommunale barnehagane går med underskudd, ifølge Kunnskapsdepartementet sine kilder: ca. 30%
- Kommunal finansieringsplikt i høve nye lovbestemmelsar vil sikre at det vert laga reglar som fører til lik behandling av dei ikkje-kommunale barnehagane innan same kommune. Bestemmelsane vil alikevel ikkje sikra at alle ikkje-kommunale barnehagar over heile landet vert behandla likt, men opnar for ulike løysningar i dei ulike kommunane. Kommunane har pr. i dag svært ulike praksis med tanke på tildeling av kommunalt tilskot og det vil truleg gjenspegle rammefinansieringa, noko som kan slå svært uheldig ut.
- Høyringsnotatet skriv ingenting om at driftstilskota skal vera forutsigbare.
- Høyringsnotatet seier heller ingenting om korleis private barnehagar skal kunne etterprøva/kontrollera at tildelt tilskot er rett.
- Kven skal godkjenne at dei lokale kommunale forskriftene vert godkjente etter at dei er utarbeidde av den enkelte kommune, slik at me veit at ordninga skal vera i tråd med reglane om offentlig støtte, og at pengane vert nytta i samsvar med formålet og at dei kjem barna til gode?
- Kven skal sikra at det ikkje skjer ein overkompensasjon, og i det heile definera kva støttebeløp som er naudsynt i den enkelte barnehage når kommunane no skal få leggje egne forskrifter til grunn og definera kva det kostar for å drifta barnehageplassar?
- Pga intensjonen med full barnehagedekning i Noreg, er det/blir det bygd mange nye barnehagar rundt om i landet. Mange av desse barnehagane -bl.a. Olderdalen kulturbarnehage AS- er i oppstartsfasen. Me og mange andre har stor økonomisk gjeld, og er avhengig av økonomisk støtte. Ved mindre økonomisk støtte enn først forventa vil det føra til mange negative ringvirkningar, bl.a. færre ansatte som igjen føre til dårlegare kvalitet overfor barna/enkeltbarn.

Når me les høyringsnotatet vert me noko usikre på om private barnehagar er sikra eit reelt driftstilskot. Høyringsnotatet er for lite konkret og legg mykje av vurderinga opp til kommunane. I dag er det store ulikheitar kommunar imellom og eit slikt lovforslag vil berre forsterka dette.

Den einaste måten systemet for utdeling av driftstilskot skal vera sikkert og forutsigbart på, er at kommunane baserar tilskota på det som me har i dag: tilskot i høve til borna si opphaldstid i barnehagen og alderen deira. Det er kun på denne måten me kan planlegga drifta og ha ei forutsigbar inntekt.

Stord, 02.01.08

Anne Mari Vestvik Matre,  
Olderdalen kulturbarnehage AS